



Hopp i havet har vorte ein stor suksess i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje lenge til sommaren og spørsmålet er dette: Kva skal skje i Sommarbygda Uskedalen sommaren 2010?

Det får ein i alle fall delvis svar på hvis ein deltek på Uskedalen Utvikling sitt møte i Gamleskulen onsdag klokka 19.

Det er diverre klårt at det ikkje vert Festidalen denne sommaren.

Like klårt er det at det blir Aktivitetsdag med 'Hopp i havet' som eit høgdepunkt.

Men kva skal skje elles? Det vil koma fram på møtet.

Det er viktig at alle som driv innan turisme, reiseliv, friluftsliv, handel, camping og båtlag møter fram, men møtet er sjølvstøtt oppe for alle.

Aktuelle saker ellers blir ei ny spørjeundersøking, satsing på sommarmagasinet til Princo Media og engasjement av ein eventuell sommarvert.